

Flatøyosen fellesnaust, sjøsportsenter

Kommentar til teikningar for sjøsportsenter i Skitnedalsvika.

Meland kommune ynskjer utbygging/etablering av sjøsportsenter i Skitnedalsvika i Flatøyosen. IL Kvernbit ro og seglgruppe har fått utarbeidd framlegg/ idéskisse til utforming.

Sjøsportsenteret er tenkt tilrettelagt for umotoriserte farkoster; roing, segling og padling med tradisjonsbåtar, segljoller og evt. seglbrett, kajakkar og kanoar.

Anlegget er tiltenkt idrettslag, andre lag og organisasjonar sin aktivitet. Skulebruk, uteskule, naturskule, turbruk med kano og robåt til og frå Håøy og noko turisme i sommarmånadene er og aktuelt.

Sjøsportsenter og Håøy

Håøy er i dag eit godt besøkt turmål. BOF og Meland kommune planlegg istandsetting av tilsynsmannsbustad/komandantbolig (einast gjenverande bygning på Håøy)

Etablering av sjøsportsenter vil ha stor innverknad på bruken av Håøy som turmål. Frå sjøsportsenteret til Håøy er det bare vel 600m Tradisjonsbåtar og kanoar kan og nyttast som skyssbåtar. Det tar det knapt 10 minutt å ro eller padle over til Håøy. Å gå rundt tar 20-25 minutt.

Flatøyosen smult farvatn

Flatøyosern ligg svært godt beskytta mot. Sjølv om det ofte er nok vind til segling blir her aldri større bylgjer, stor sjø. Farvatnet er såleis til ein kvar tid, heile året brukande for roing, padling og oftast og til segling.

Kommentar til utarbeidd idéskisse

(Sjå vedlagte teikningar)

Ang. Skitnedalsvika, topografi, sjøbotn og vind

Eit stykke ut i vika er det eit skjér/flu. Sør for denne, inn mot sørsida av Skitnedalsvika er det smalt og ganske grunt. Nord for flua mykje breiare og djupare. Dette er ein svært viktig grunn for at sjøsportsenteret med naust, molo, bryggjer og sjøbu bør liggje på sørsida av Skitnedalsvika. Naturen på halvøya på nordsida, som og har meir sol, kan då bevarast mest mogleg, men tilretteleggast litt med gangvegar.

Vindforholda, kor vinden tar er også særst viktig ved planlegginga. Ut mot Flatøyosen, (vest for innteikna molo) er det betydelig meir vind enn t.h (aust for moloen). Nord for moloen, over mot nordsida av Skitnedalsvika må det vera god plass for manøvrering særleg for segljoller og tradisjonsbåtar for segl/årar. NB! Det før følgeleg ikkje stikke ut molo frå nordsida av Skitnedalsvika.

Tradisjonsbåtar og naust til tradisjonsbåtar

Det er i utgangspunktet tenkt tre naust til tradisjonsbåtar; færingar, seksæringar og åttringar tilsaman 10-12 båtar. Det må vera så god plass i nausta at båtane enkelt kan takast ut og inn.

Tradisjonsbåtar blir ved segling rigga når dei ligg på sjøen/på vatnet. Når kanskje fem seks båtar skal ut samstundes vil dette skje på kvar side av moloen. Den vesle brua inst på moloen er viktig for å kunne dra båtane under moloen til utsida av denne, før, etter rigging.

Kajakker og kanoar

Kajakker og kanoer kan lagrast på hyller i i naust og er mykje mindre plasskrevjande enn tradisjonsbåtar. Men det kan bli ganske mange. Inst i Skitnedalsvika, t.h. på teikning, er tenkt plass til fleire naust til kanoar og kajakker dersom det vert stor etterspurnad etter dette. Flytebyggje må vera stor nok og brei nok til at fleire 5-6 personer kan gå om bord/ ut av kanoar/kajakker samstundes. Flytebrygge tilrettelagt for funksjonshemma må sjølvstøtt vera med. Naust for kanoar og kajakker bør ha hems med ståhøgde der ein kan oppbevare redningsvester, vådrakter og tørrdrakter og anna utstyr.

Segljoller: lagring, rigging og utsetting

I tillegg til naust for tradisjonsbåtar, kajakker og kanoer må det vera god utandørs lagringsplass for segljoller (20-25 joller.) Segljollene som er 3,5-5m lange og 1,5-2m breie står på håndtralle. Dei blir rigga til på land og så trilla ned på sjøen langs slipp. Det er viktig med to slipper, ein på kvar side av moloen (sjå teikning) På teikninga er det avsett plass til 20-25 jollar.

Sjøbu, fellesbygg

Sjøbua er tenkt som servicebygg for dei som er aktive med roing, segling og padling; tilrettelagt med toaletter, enkle garderober og samlingsrom på storleik med klasserom. Stort rom med opning mot sjøen der ein kan ta inn båtar til reparasjon. I sjøbua er det og tenkt tørkeplass for segl til segljoller og tradisjonsbåtar samt lagringsplass for div. utstyr.

Eit samla anlegg

For aktivitetar med større grupper, t.d. skuleklasser ved uteskule, naturskule er eit samla anlegg viktig for kommunikasjon og organisering. Eit samla anlegg gjer det og mogleg å bevare meir av opphavsleg natur langs sjølina i Flatøyosen.

Gangveggar

I samband med framlegget til utforming av sjøsportsenter, slik teikningane viser, er det tatt med gangveg ut til Langaneset (sørsida av Skitnedalsvika)

Tilkomst

Det er tenkt køyrbar gangveg ned til anlegget. Den er bare tenkt til nødvendig tyngre transport, anleggsarbeid og unntaksvis transport av båtar på hengjar. All parkering for brukarane skal vera lenger opp mot riksvegen.

Vidare kommentar

Idé skissen er utarbeidd arkitekt MNAL Magne Bergseth. Før utforming er det innhenta informasjon frå fleire sjøsportsanlegg i Norge og Danmark.

Det er gjort synfaring ved: Bergen roklubb, Milde båtlag, der det er stor aktivitet med både oselvarsegling og jollesegling, Nordhordland padleklubb, Ran seilforening sitt anlegg på Sotra, Kristiansand Roklubb, og anleggene til Silkeborg roklubb og Randers roklubb i Danmark. Kjell Magnus Økland (leiar av Kystsogevekene), forfatter av boka «Oselvar den levande båten» og erfaren seglar med tradisjonsbåtar, segljoller og havsegling har vore med i utforminga av idéskissen.

mvh

IL Kvernbit ro og seglgruppe

Atle Bergseth